Det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet er ein viktig del av FTU sitt arbeid, og ein del av dette arbeidet er å utarbeide ulike typar kampanjar med utgangspunkt i dei ulike satsingsområda. I 2015 er refleks- og mobilkampanjane mest aktuelle å nytte på ulike mediaflater. Det er sett av 250.000 kr til dette kampanjearbeidet.

Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland

Aktivitetsarbeidet til Trygg Trafikk sin distriktsleiar skal dekkast over FTU sitt budsjett. Trygg Trafikk er ansvarleg for å levere inn aktivitetsplan som viser kva for type aktivitetar som skal gjennomførast det gjeldane året. Distriktsleiaren har ansvar for å rapportere til FTU undervegs. Trygg Trafikk sitt arbeid er i

særleg grad retta mot arbeidet med trafikksikker kommune, og å auke trafikksikringskompetansen i barnehage og skule. Det er sett av 380.000 kr i 2015.

Diverse, andre utgifter

Midlane går til diverse driftsutgifter, medlemskontingent i Trygg Trafikk og marknadsføring av dei ulike tilskotsordningane til FTU og liknande. Det er sett av 112.500 kr på denne posten.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fordelinga av midlane er basert på tiltaka i handlingsplanen for trafikksikring. Fylkesrådmannen ber forslaget om fordeling av midlane vert teke til orientering.



Arkivnr: 2014/555-26
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	6/15	04.02.2015

Aktivitetsmidlar 2015 - søknad frå Trygg Trafikk Hordaland

Samandrag

Trygg Trafikk sine til årlege aktivitetsmidlar vert dekkja over Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett. Distriktsleiaren utarbeidar kvart år ein søknad til FTU med omtale av dei planlagde aktivitetane det kommande året. Søknaden for 2015 er på 380.000 kr, og det er sett opp fem hovudaktivitetar, - i tillegg til posten til diverse utgifter. Fylkesrådmannen rår til midlane vert tildelt slik det går fram av søknaden.

Forslag til vedtak

Trygg Trafikk Hordaland vert tildelt 380.000 kr i aktivitetsmidlar i 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Brev av 16.01.2015. Søknad om aktivitetsmidler til Trygg Trafikk for 2015

Fylkesrådmannen, 12.01.2015**Bakgrunn**

Trygg Trafikk sine til årlege aktivitetstilskott vert dekkja over Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett. Distriktsleiaren utarbeidar kvart år ein søknad til FTU med omtale av dei planlagde aktivitetane det kommande året. Søknaden for 2015 er på 380.000 kr, og det er sett opp fem hovudaktivitetar, - i tillegg til posten til diverse utgifter.

I søknaden går det klår fram at arbeidet med «Trafikksikker kommune» er eit stort prosjekt og viktig satsingsområde som distriktsleiaren i Hordaland vil bruke mykje ressursar på. Dette er i samsvar med Hordaland fylkeskommune sine særskilde satsingsområde, og målsetjing om sertifisering av 10 kommunar i inneverande planperiode. Vidare går det fram av søknaden at mykje av aktivitetstilskottane skal rettast inn mot arbeide med born og unge.

Aktivitetstilskottane til Trygg Trafikk som eigen post i FTU-budsjettet

Aktivitetstilskottane til Trygg Trafikk er i 2015 sett opp som ein eigen post i FTU-budsjettet, og vil med det ikkje lenger vere ein del av tilskottsordninga *Tilskott til lokale trafikksikringsarrangement*. Det er fleire grunnar til denne endringa. Fyrst og fremst er aktivitetstilskottane til Trygg Trafikk ei ordning som ligg fast, og er regulert gjennom eigne avtalar. Aktivitetstilskottane er grunnlaget for distriktsleiaren sine oppgåver i fylket, og desse tilskottane kan difor ikkje likestillast med den type lokale tiltak som får tilskott gjennom tilskottsordninga til lokale trafikksikringsarrangement.

Vidare er det naturleg at rapporteringa til FTU om bruken av dei årlege aktivitetstilskottane er meir omfattande og detaljert enn dei krav ein set til tilskottstilskottane ein løyver gjennom tilskottsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Mellom anna har distriktsleiaren ansvar for å rapportere til FTU undervegs, samt utarbeide ein årsrapport i etterkant. Vidare vert det lagt til grunn at ved større budsjettendringar innanfor aktivitetstilskottane, så vil dette verte lagt fram for FTU i møte.

Kjerneområda til Trygg Trafikk har tradisjonelt vore retta mot born og unge, og i stor grad vore trafikkopplæringsaktivitetar i barnehage og skule. Mellom anna tilbyr Trygg Trafikk kurs og opplæring til barnehagetilsette, samt utdeling av opplæringsmateriell. Trygg Trafikk sine kurs til barnehagetilsette har dei siste åra ikkje vore ein del av aktivitetstilskottane, men vore fakturert direkte over FTU sitt budsjett via tiltaket «Trafikkopplæring i barnehagar og skular», jf handlingsplanen. Utgiftene til denne trafikkopplæringa er no teke med som ein del av søknaden om aktivitetstilskottar for 2015 ettersom det er Trygg Trafikk som i stor grad tek hand om trafikkopplæringa i barnehagar og skular. Dette er bakgrunnen for at søknadssummen har auka noko samanlikna med 2014 (340.000 kr).

Når det gjeld distriktsleiaren sine utgifter til husleige, reise, kontorhald og liknande vert også dette over fylkeskommunen sitt budsjett, men er ikkje ein del av aktivitetstilskottane. Tilskottane vert ført som ein eigen post i driftsbudsjettet til fylkesvegane.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen rår til tilskottane vert tildelt slik det går fram av søknaden.



TRYGG TRAFIKK

Trygg Trafikk Hordaland
Postboks 7900
5020 Bergen

Bergen, 16.01. 2015

Fylkestrafikksikkerhetsutvalget i Hordaland
v/Lise Ådlandsvik
Postboks 7900
5020 Bergen

1

Søknad om aktivitetsmidler til Trygg Trafikk for 2015

Vi oversender med dette søknad om aktivitetstilskudd til trafikksikkerhetstiltak i regi av Trygg Trafikk Hordaland. Trygg Trafikks tiltak i fylket er basert på egen virksomhetsplan, samt Hordaland fylkeskommune sin gjeldende handlingsplan for trafikksikkerhet.

Vi søker om tilskudd til gjennomføring av følgende tiltak:

Trafikksikker kommune	Kr 100 000
Opplæring, kurs	Kr 80 000
Refleks	Kr 70 000
Bruk av sikkerhetsutstyr, tellinger	Kr 10 000
Rebusløp for russen	Kr 80 000
Diverse	Kr 40 000
Sum	Kr 380 000

Sammenliknet med tidligere år, er oppstart av prosjekt «Trafikksikker kommune» nytt. Dette konseptet er tungt forankret både i Trygg Trafikk og i fylkeskommunen, og gjennomføringen vil bidra til å styrke det systemrettede trafikksikkerhetsarbeidet i Hordaland.

For nærmere omtale av tiltakene som er omfattet av søknaden, viser vi til vedlagte tiltaksoversikt.

Det bes om at distriktsleder får fullmakt til å omdisponere midler mellom tiltakene dersom uforutsette endringer tilsier behov for dette. Distriktsleder rapporterer fortløpende til FTU etter forespørsel, samt gjennom skriftlig årsrapport.

Vi håper på velvillig behandling av søknaden, og ser frem til å fortsette det gode samarbeidet i 2015.

Med hilsen Trygg Trafikk Hordaland

Øivind Hauge Støle
Distriktsleder



Tiltaksoversikt

Trafikksikker kommune

Dette er et konsept som er utviklet av Trygg Trafikk med utgangspunkt i kommuners sentrale rolle i trafikksikkerhetsarbeidet. For å stimulere til at dette arbeidet gjennomføres på best mulig måte, er det utarbeidet et sett med kriterier for å godkjenne «trafikksikre kommuner». Dette er selvsagt ingen garanti for at antall trafikkulykker reduseres, men det gir gode forutsetninger for det forebyggende trafikksikkerhetsarbeidet.

Gjeldende «Handlingsplan 2014-2017 for trafikksikring i Hordaland» har som ambisjon om å sertifisere 10 kommuner etter konseptet «Trafikksikker kommune». Fylkeskommunen har satt av stimuleringsmidler på inntil kr 100 000 per kommune.

Midlene Trygg Trafikk søker om, gjelder kostnader knyttet til gjennomføring av pilotprosjekt for «Trafikksikker kommune», vedtatt i FTU i desember 2014. Prosjektet gjelder implementering av konseptet i tre kommuner, samt å utvikle grunnlag for at Hordaland fylkeskommune kan bli sertifisert som «trafikksikker fylkeskommune».

Trygg Trafikk har utviklet ulike typer materiell som skal sikre en felles, enhetlig tilnærming i sertifiseringsprosessen, og distriktsleder vil bistå i det praktiske arbeidet med å gjøre kommunene klare for sertifisering. Det vil også være naturlig for Trygg Trafikk å prioritere disse kommunene med øvrig bistand, herunder kursing av barnehagepersonell og lærere i grunnskolen, opprettelse og drifting av nettverk for lærere og barnehagestyrere, bidra i utarbeidelse av kommunale trafikksikkerhetsplaner, etc.

Med hensyn til utarbeidelse av grunnlag for «trafikksikker fylkeskommune» er det behov for å utvikle/tilpasse kriterier, samt forankre og få tilslutning til implementeringsprosess i administrasjonen i fylkeskommunen.

Trygg Trafikk vil også yte bistand til andre kommuner som på eget initiativ ønsker å bli godkjent som «trafikksikker kommune». Dette kan også gjelde for enkeltstående skoler eller barnehager som ønsker å bli godkjent som henholdsvis «trafikksikker skole» eller «trafikksikker barnehage».

Søknadssum på kr 100 000 skal dekke nødvendig materiell, utgifter knyttet til bruk av ansvarlig i Trygg Trafikk for konseptet (ansatt v/Oslokontoret), kurs- og møtevirksomhet, drift av nettverk, m.m. Det er blant annet en ambisjon om å tilby kurs i Trafikksikkerhetshallen i Hordaland til pilotkommunene.

Opplæring/kurs

Trygg Trafikk er en ledende aktør i arbeidet for trafikksikker oppvekst. Vår hovedsatsing på dette området er knyttet til trafikkopplæring og bruk av sikkerhetsutstyr. Vi tilbyr læringsressurser og veiledninger til elever, lærere og foreldre tilpasset alle alderstrinn. I tillegg gjennomfører vi blant annet tellinger av bruk av sikkerhetsutstyr for å måle praksis og utvikling på området.

I «Handlingsplan 2014-2017 for trafikksikring i Hordaland» er det satt av kr 80 000 per år til trafikkopplæring i barnehager og skoler. Trygg Trafikk er ansvarlig for gjennomføringen av denne opplæringen, og det foreslås derfor at midlene føres på Trygg Trafikk aktivitetsbudsjett.



Refleks

Trygg Trafikk er pådriver for økt bruk av sikkerhetsutstyr, herunder refleks. Mange alvorlige ulykker med myke trafikanter skjer i mørket, og økt bruk av refleks vil redusere omfanget av drepte og hardt skadde i trafikken.

Hordaland fylkeskommune ved FTU kjøper årlig inn reflekser til bruk blant samarbeidspartnerne i trafikksikkerhetsarbeidet. Søknadssum fra Trygg Trafikk på kr 70 000 gjelder følgende tiltak:

- Nasjonal refleksdag – innkjøp og utdeling av særskilt materiell, gjennomføring av arrangement for å få mest mulig oppmerksomhet om refleksdagen og betydningen av bruk av refleks.
- Den store refleksjakten – gjennomføring av innsamlingskonkurranse blant grunnskolene i Hordaland, med tilhørende oppmerksomhet om temaet i klasserommet og premiering.



Bruk av sikkerhetsutstyr, tellinger

For å sikre et godt kunnskapsgrunnlag om utvikling/bruk av sikkerhetsutstyr, gjennomfører Trygg Trafikk årlige tellinger basert på et standardisert metodisk opplegg. Søknadssum på kr 10 000 gjelder utgifter til tellinger av refleksbruk, sikring av barn i bil og/eller sykkelhjelmer.

Rebusløp for russeren

Trygg Trafikk Hordaland har siden begynnelsen av 1990-tallet hatt ansvaret for gjennomføring av rebusløp for russ i Hordaland, i samarbeid med Statens vegvesen, Politiet, kjøreskoler, Russestyret, m.fl. Dette er et innarbeidet arrangement med svært stor oppslutning. Tiltaket inkluderer kontroll av russebiler, samt gjennomføring av en rekke aktiviteter der trafikksikkerhet er i hovedfokus. Søknadssum på kr 80 000 går til innkjøp av materiell, premier, enkel bevertning m.m.

Diverse

Søknadssum på kr 40 000 gjelder aktiviteter og tiltak som kan komme opp i løpet av året, herunder bidrag i oppfølging av fylkeskommunens «Handlingsplan 2014-2017 for trafikksikring i Hordaland».



Arkivnr: 2014/555-27

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	7/15	04.02.2015

Evaluering av FTU sine tilskotsordningar

Samandrag

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) bad i møte 3. desember 2014 administrasjonen leggje fram sak om evaluering av dei tre tilskotsordningane til FTU: Tilskot til lokale trafikkisikringsarrangement, tilskot til utarbeiding av kommunale trafikkisikringsplanar og tilskot til mindre fysiske trafikkisikringstiltak. To av dei tre tilskotsordningane fungerer bra. Det er ikkje lagt opp til å gjere store endringar på desse ordningane.

Det har vist seg at det er grunnlag for å gjere nokre endringar i tilskotsordninga til lokale trafikkisikringsarrangement. Dei viktigaste endringane som vert foreslått for denne ordninga er; to søknadsfristar i året, utbetaling i etterkant av arrangementet, eigenandel ved større søknadssummar og at tilskotet ikkje kan dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) viser til evaluering av tilskotsordningane, og gir si tilslutning til endringane slik det framkjem i fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.01.2015

Bakgrunn

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) bad i møte 3. desember 2014 administrasjonen leggje fram sak om evaluering av dei tre tilskotsordningane til FTU. Ut frå dei erfaringane som er gjort i Hordaland er det i særleg grad *tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement* som det er ynskjeleg å få eit klårare rådeverk rundt. Dei to andre tilskotsordningane; *tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar* og *tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak* fungerer i stor grad slik som føreset.

I evalueringsprosessen er det mellom anna sett på tilsvarende tilskotsordningar i andre FTU. Faste søknadsfristar der alle søknadane vert vurdert samla er eit viktig moment å ta med seg. Det same gjeld utbetalingstidspunktet for tilskotsmidlane. Frå FTU i Rogaland fylkeskommune vert det opplyst at dei ikkje handsamar mindre tilskotssøknader. Beløpsgrensa er der sett på 20.000-25.000 kr, det vil seie at berre søknader over dette beløpet vert handsama i FTU. Vidare syner det seg at utfordringane knytt til marknadsføring er generelt utfordrande for mange FTU.

Om ordninga Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement

Ordninga med tilskot til lokale trafikksikringsarrangement har som føremål å stø oppunder lokale initiativ til å gjennomføre ulike typar trafikksikringsarrangement. Ordninga har i inneverande handlingsplan ei årleg råde på 800.000 kr. I førre planperiode var denne på 1 mill kr. Tilskotsordninga har eksistert i mange år, og er meint som ei støtteordning for å kunne realisere arrangement som har fokus på trafikksikring gjennom trafikkopplæring og informasjon. Søkjarane til ordninga er kommunar, skular, barnehagar, lag og organisasjonar o.l. Gjennomgåande er det nær dei same arrangementa som søker om støtte kvart år. Nokre av desse arrangementa kan koplast direkte til satsingsområda for trafikksikring i Hordaland og har ein tydeleg trafikksikringsprofil, medan dette hjå andre i mindre grad er tydeleg. Det er og stor variasjon i kva tilskotmidlane vert nytta til. Nokre nyttar tilskotsmidlane direkte til trafikksikringsdelen av arrangementet, medan det i andre tilfelle ikkje er slik. I 2011 vart det etablert søknads- og rapporteringsskjema for ordninga ettersom ein såg at det var grunnlag for å få ei meir formell råde rundt tildelinga. Søknadane var og meir oversiktlege. Fram til 2014 var det open søknadsfrist, men i 2014 vart dette endra til to fristar i året. Utbetaling av midlane har skjedd ved vedtak om tilskotsmidlar, det vil seie i førekant av arrangementet.

Intensjonane bak ordninga er god, og det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden. Ut frå dei erfaringane som er gjort er det fyrst og fremst grunnlag på å sjå nærare på søknadsprosessen, utbetalingstidspunkt, storleik på tilskotssummen og eigenandel, samt noko klårare sett med kriteria. Marknadsføringa av tilskotsordninga bør styrkast, og det bør setjast av eigne midlar til annonsering av tilskotsordninga i FTU-budsjettet (diverseposten).

Fastsette søknadsfristar og samla sakshandsaming

Innføring av fastsette søknadsfristar skal sikre lik handsaming av søknadane. Ved å handsame søknadane samla (på same møte) vil FTU i mykje større grad kunne gjere ei lik vurdering av dei ulike prosjekta. På den måten vil ein i større grad kunne fastslå kva arrangement som har eit tydeleg fokus på trafikksikring, og kva trafikksikringseffekt dette prosjektet er venta å kunne gje.

Forslag til kriteria

Ut frå møteaktiviteten til FTU vert det lagt fram forslag om to søknadsfristar i året. Ved å setje fristane til 15. januar og 15. august kan FTU handsame søknadane i sine påfølgjande møter (februar/september).

Søknads- og rapporteringsskjema

Frå 2011 har det vore ein frist på 3 månader til å sende inn rapporteringsskjema og inkludert rekneskap etter arrangementet sin slutt. Dette har i varierende grad vore følgt opp frå tilskotsmottakaren.

Frå andre FTU vert det meldt om at tilskotet vert utbetalt når rapport om gjennomført arrangement er motteke. Dette sikrar mellom anna ein betre oversikt over at midlane er nytta i samsvar med søknad, og gjeldane vedtak. Dette kravet til rapportering med påfølgjande utbetaling gjeld allereie for *tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak*.

For nokre arrangement kan ei slik ordning med utbetaling i etterkant kanskje opplevast noko rigid, men ut frå den informasjonen som er innhenta frå andre FTU, med tilsvarende ordning, så er ikkje dette eit hinder for å søkje om støtte.

Forslag til kriteria

Det vert difor sett fram forslag om at søknads- og rapporteringsskjema inkludert rekneskap, vert oppretthalde. Vidare at utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema er motteke.

Storleik på tilskotssummen og eigenandel

I inneverande handlingsplan har ordninga ei årleg råde på 800.000 kr. Ut frå talet på søknader siste året, samt ønskje om ytterlegare bredde i søknadane er dette ein realistisk sum. Forutan dei årlege aktivitetsmidlane til Trygg Trafikk så er det ikkje utbetalt tilskotsmidlar på over 100.000 kr dei siste åra. Søknadane har variert frå 3.000 kr til 90.000 kr, - der dei fleste søknadane har lagt mellom 15.000 og 50.000 kr. Dei aller fleste søknadane gjeld dagsarrangement, og ved dei største arrangementa står det gjerne fleire initiativtakarar bak. I slike tilfelle er det nærliggande at FTU ikkje er den som fullfinansierer prosjektet.

Forslag til kriteria

Det vert difor lagt fram forslag om at arrangement med ei kostnadsråde på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25 %.

Kven som kan søkje

Tilskotsordninga rettar seg mot lokale initiativ som ønskjer å fremje haldningsskapande trafikksikringstiltak (ikkje fysiske tiltak). I all hovudsak er det kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar som har søkt om tilskot tidlegare. Ordninga skal vere ei støtte til trafikksikringsarrangement som elles ikkje ville vere mogleg å gjennomføre.

Forslag til kriteria

Det vert lagt fram forslag om at søkjarane framleis skal vere kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Om å setje spesifikke krav til trafikksikringsarrangementet

Arrangementa som har motteke tilskot gjennom ordninga er ikkje einsarta. Det er stor variasjon i kva type trafikksikringsfokus og –målgruppe arrangementa har hatt, omfang og talet på deltakarar. Dersom ein utarbeidar einsarta krav til kva eit slik arrangement skal innehalde så kan det resultere i at gode tiltak fell utanfor. Det vil vere lite føremålstenleg.

Ut frå dette er det ikkje sett opp eigne kriteria til innhaldet i trafikksikringsarrangementet.

Kva tilskotet ikkje dekker

Sjølv om det ikkje vert utarbeidd spesifikke krav til kva arrangementet skal innehalde, så er det grunnlag for å vere tydeleg på kva tilskotet ikkje dekker. I Hordaland har ein tradisjonelt ikkje dekkja lønns- og reiseutgifter. Det same gjeld godtgjersle til innleigde ressursar og styrehonorar. Tilskot til mat/drikke og reklamemateriell har ein vore noko restriktiv med å fullfinansiere. Informasjon innhenta frå andre FTU viser at også dei har sett nokre avgrensingar til kva tilskotsmidlane kan dekke.

Forslag til kriteria

Det vert sett fram forslag om at tilskotmidlane ikkje kan dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

Oppsummering av kriteria som er foreslått:

- Søknadsfrist to gongar i året. 15. januar og 15. august kvart år.
- Søknads- og rapporteringsskjema inkludert rekneskap, skal oppretthaldast. Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema er motteke.

- Arrangement med ei kostnadsråme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25 %.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane ikkje kan dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

Om ordninga Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar

Ordninga med tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar har som føremål å legge til rette for at flest mogleg kommunar til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar. Vidare er tilskotsordninga viktig for å sikre at kommunale planar tek omsyn til sentrale føringar i fylkeskommunen sin overordna trafikksikringsplan, mellom anna ved å ha fokus på trafikantretta tiltak. Ordninga vart etablert i førre handlingsplan (2010-2013), og fyrste tildeling fann stad i 2011. Ordninga har i inneverande handlingsplanperiode ei årleg råme på 500.000 kr. Søknadsfristen har sidan 2011 vore fastsett til ein gong i året. I 2014 vart det opna for å handsama søknader også etter fristen fordi det var ledige midlar på denne budsjettposten. Søknadane kjem i brevs form, med ein kort omtale av arbeidet som skal i gang og ein budsjettoversikt. Utbetalinga er gjort like etter at tilskotsmidlane er vedteke. I denne tilskotsordninga har kommunane kunne søkje om tilskot til kjøp av konsulentteneste for å utarbeide av planen og til trykking av planen. Tilskotet kan ikkje gå til bruk av kommunale ressursar.

Evaluering av ordninga

Tilskotsordninga fungerer bra, og det er ikkje grunnlag for å gjere større endringar, som for eksempel å utarbeide eigne søknadsskjema, eller å gjere utbetalinga etter at trafikksikringsplanen er ferdigstilt. Kriteria til kva tilskotet kan gå til ligg fast. I tildelingsbrevet bør det gå fram at fylkeskommunen er høyringspart, og at endeleg plan skal sendast til fylkeskommunen. Det same bør forslag til mal for planen, samt at planen omhandlar både haldningsskapande og fysiske trafikksikringstiltak.

Forslag til kriteria

- Søknadsfrist ein gong i året. 15. januar kvart år.
- Rett til å søkje: Kommunane i Hordaland.
- Søknader i brevs form. Søknaden skal gje ein oversikt over arbeidet som skal setjast i gang, samt ha med eit budsjettet for å etablere planen, inkludert kostander til evt. konsulenthjelp.
- Tilskotet kan gå til kjøp av konsulentteneste og trykking. Tilskotet kan ikkje gå til bruk av administrative kostnader og driftsutgifter (kommunale ressursar).
- Endeleg plan sendast til Hordaland fylkeskommune, og fylkeskommunen er høyringspart.

Om ordninga Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak

Ordninga med tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak har som føremål å få gjennomført små trafikksikringstiltak som er høgt prioritert i kommunane sine trafikksikringsplanar. Ordninga er ny i denne planperioden (2014-2017). Det er etablert eige søknads- og rapporteringsskjema, og det er sett krav om medfinansiering på 30 %. Utbetaling vert gjort når rapport om ferdigstilling er motteke. Kommunane i Hordaland kan søkje om midlar til tiltak på kommunal og fylkeskommunal veg. Sjå elles vedlagte dokument om retningslinjene.

Evaluering av ordninga

Erfaringane med ordninga i 2014 tilseier at det ikkje er grunnlag for å gjere større endringar, forutan at søknadsfristen bør setjast tidleg på året. Bakgrunnen for dette er at kommunane som har fått tilsegn då kan starte opp det fysiske arbeidet på våren/sommaren.

Forslag til kriteria

Kriteria framgår av retningslinjene som er vedlagt i eige dokument.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Som det kjem fram i saka så fungerer to av tilskotsordningane tilfredsstillande, og der det viktigaste er å ha faste søknadsfristar tidleg på året. Når det gjeld tilskotsordninga til lokale trafikksikringstiltak er trong for å gjere nokre endringar slik at ordninga fungerer betre etter føremålet. Det vert framleis lagt opp til at FTU handsamar alle søknadane, men eit viktig poeng er at dette vert gjort samla. Ved å la FTU handsama alle

søknadane, uavhengig av storleiken på søknadssummen, får ein i større grad fram det heilskaplege trafikksikringsarbeidet. Ved å vente med utbetalinga til etter arrangementslutt så sikrar ein å få rapportering, og samstundes føl ein andre type tilskotsordningar, jf tilskotsordningar i andre FTU og eiga tilskotsordning om mindre fysiske tiltak. Vidare er det grunnlag for å ha større krav til arrangement av ein viss storleik, og det er difor sett krav til eigenandel her.

Fylkesrådmannen rår til at FTU gir si tilslutning til endringane slik det framkjem i saksframlegget.

Retningslinjer. Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane

Bakgrunnen for tilskotsordninga

Bakgrunnen for tilskotsordninga er å styrke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane gjennom å opprette ei eiga tilskotsordning for mindre, fysiske tiltak. Ordninga er forankra i gjeldane handlingsplan for trafikksikring for Hordaland.

Finansiering av mindre trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet i Hordaland skjer i dag gjennom årlege, samla prioriteringar av investeringar i fylkesvegbudsjettet. Under programområdet "trafikksikring" vert ramma konkretisert gjennom ei rekkje mindre tiltak. Prioriteringar vert gjort på bakgrunn av samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunen og dialog med kommunane. For tiltak i Bergen er det ein særskilt prosess gjennom Bergensprogrammet. Tiltak som er høgt prioriterte i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning.

I tillegg er det eit viktig prinsipp for trafikksikringsarbeidet at kunnskap om utfordringane sit på lokalt nivå i kommunane. Det er difor avgjerande å sikre ei best mogleg kopling mellom kommunane sitt arbeid med kommunale trafikksikringsplanar og prioriteringar i fylkeskommunale budsjett. Ei tilskotsordning som direkte koplar kommunane sitt behov og fylkeskommunale prioriteringar vil styrke samarbeidet mellom kommunalt og fylkeskommunalt trafikksikringsarbeid.

I handlingsplanen (side 20) er følgjande grunnleggjande kriteria lista opp:

- Ordninga vil vere basert på søknader frå dei enkelte kommunane til FTU.
- Tiltak må i utgangspunktet gjelde kommunal eller fylkeskommunal veg.
- Det vil vere krav om at kommunane har ei oppdatert trafikksikringsplan.
- Det vil vere krav om at tiltaka er planavklart eller eventuelt ikkje har behov for omfattande planavklaringar.
- Det vil vere krav om kommunal medfinansiering.

Informasjon om tilskotsordninga

Fylkeskommunen sender brev til alle kommunane i fylket kvart år med informasjon om tilskotsordninga til mindre fysiske tiltak i kommunane. Det er utelukkande kommunar som kan søkje om tilskot til tiltak på kommunal eller fylkeskommunal veg, og søknaden skal sendast til fylkeskommunen innan nærare fastsett frist. Det vert sett krav til eigenandel og dekking av meirforbruk/overskridingar. Ved kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadane. Ved søknad om tilskot til fleire tiltak frå ein kommune, må kommunen prioritere mellom tiltaka.

Dei konsultative medlemmene i FTU utarbeidar forslag til prioritering av tiltak. Saka vert deretter lagt fram for FTU.

Kriteria for tildeling frå tilskotsordninga

Ordninga kan finansiere inntil 70 pst av godkjende kommunale og fylkeskommunale tiltak, og det vert krevd ein lokal eigenandel på minst 30 pst av tiltaket sin totale kostnad. Totalt kan ikkje tiltaket overskride 250.000 kr eks. mva. Forpliktande dokumentasjon på den lokale eigenandelen skal følgje søknaden.

Det vert lagt vekt på at tiltaka som søker delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnads-effektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafiktryggleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit bredt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkyringsulukker vert særleg vektlagt.

Om søknadsprosessen

- Det skal søkjast på eige søknadsskjema.
- I søknaden skal det vere ein fagleg omtale av tiltaket det vert søkt til.
- Kostnader, finansieringsplan og framdriftsplan skal tydeleg gå fram av søknaden.
- Søknaden skal innehalde ei stadfesting på at ein eigeandel på minimum 30 pst vil verte innvilga.
- Oppdatert trafikksikringsplan skal leggjast ved elektronisk, evt link til nettstad der den er å finne. Tiltaket det vert søkt om midlar til skal vere ein del av denne planen.

På bakgrunn av vedtaket i FTU sender fylkeskommunen brev om tilsegn om tilskot til dei aktuelle kommunane. Tilsegnsbrevet skal innehalde følgjande:

- Melding om tiltaket som får tilskot. Dersom det er knytt særlege faglege eller tekniske krav til gjennomføringa av tiltaket skal dette presiserast.
- Storleiken på tilskotet, og krav til eigenandel. Tilskotsmottakar er ansvarleg for overskridingar på tiltaket utover kostnadsoverslaget i inngått avtale. Ved eventuell kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadene.
- Melding om tilsegnet si tidslengde (varighet). Dersom ikkje tiltaket vert ferdigstilt, må kommunen senda melding ferdigstillingsdato (maksimalt til påfølgjande år).
- Tidspunkt for utbetaling av tilskot. Dersom stadfesting på eigenandel ikkje er tilstrekkeleg avklart gjennom søknaden skal dette avklarast før utbetaling skjer.
- Plikt til tilskotsmottakar om å underrette fylkeskommunen dersom nokre av føresetnadene for gjennomføring (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig) ikkje let seg gjennomføre etter føresetnadane.
- Krav til rapportering. Dokumentasjon av tiltaket og prosjektrekneskap.
- Atterhald om at fylkesrevisjonen kan setje iverk kontroll med at tilskotet er nytta slik som føreset.
- Dersom tilskotsmottakar gjev misvisande opplysningar eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med vilkåra vil tilskotet verte avkorta/inndrage.



Arkivnr: 2014/11-7
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	8/15	04.02.2015

Oppnemning av kandidatar til Trygg Trafikk sitt styre 2015-2017

Samandrag

Som medlem i Trygg Trafikk er Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) invitert til å sende inn grunngjevne forslag på medlemmer til Trygg Trafikk sitt styre for perioden 2015 —2017, innan 9. februar 2015.

På kommande årsmøte i april er tre medlemmer og eitt varamedlem på val. Valkomiteen ber om at medlemsorganisasjonane gjeme foreslår to kandidatar, ei kvinne og ein mann. Dette vil gjere at komiteen får fleire kandidatar til vurdering.

Benthe Bondhus (Sp) har vore Hordaland fylkeskommune sin representant i Trygg Trafikk sitt styre i perioden 2011-2015.

Forslag til vedtak

1. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland oppnemner som kandidat til Trygg Trafikk sitt styre.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland oppnemner som kandidat til Trygg Trafikk sitt styre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Brev frå Trygg Trafikk av 15.11.2014

Fylkesrådmannen, 14.01.2015

Som medlem i Trygg Trafikk er Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) invitert til å sende inn grunngjevne forslag på medlemmer til Trygg Trafikks styre for perioden 2015 —2017, innan 9. februar 2015.

Benthe Bondhus (Sp) har vore Hordaland fylkeskommune sin representant i Trygg Trafikk sitt styre i perioden 2011-2015.

På kommande årsmøte i april er tre medlemmer og eitt varamedlem på val. Valkomiteen ber om at medlemsorganisasjonane gjeme foreslår to kandidatar, ei kvinne og ein mann. Dette vil gjere at komiteen får fleire kandidatar til vurdering.

Hordaland Fylkeskommune

17 NOV 2014



TRYGG TRAFIKK

Tollbugata 32
Postboks 277 Oslo Sentrum
NO-0103 Oslo, Norway

Tlf: +47 22 40 40 40
Faks: +47 22 40 40 70

hovedkontor@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Trygg Trafikks medlemmer

Deres ref:
Dato: 15. november 2014
Vår ref: 060.2

Forslag på medlemmer til Trygg Trafikks styre for perioden 2015 – 2017

Trygg Trafikks landsmøte 2015 er berammet til 13. april. En av de vedtektsfestede sakene på dette møtet er valg av medlemmer/varamedlemmer til vårt styre. Forslag på kandidater til styret må være valgkomiteen i hende senest to måneder før landsmøtet.

Trygg Trafikks administrasjon har, etter anmodning fra valgkomiteens leder Britt Skinstad Nordlund, fått i oppdrag å be organisasjonens medlemmer om å fremme begrunnede forslag på medlemmer til Trygg Trafikks styre for tidsrommet 2015 – 2017.


På kommende landsmøte er tre medlemmer og ett varamedlem på valg. Valgkomiteens leder ønsker at forslag på aktuelle kandidater sendes Trygg Trafikk, boks 277 Oslo sentrum, 0103 Oslo

innen 9. februar 2015.

Valgkomiteen ber om at medlemsorganisasjonene gjerne foreslår to kandidater, en kvinne og mann. Dette vil gjøre at komiteen får flere kandidater til vurdering. En oversikt over styrets nåværende sammensetning vedlegges.

Forespørsler i tilknytning til ovenstående kan rettes til valgkomiteens leder Britt Skinstad Nordlund, tlf: 91 87 39 95 eller direktør Jan Johansen, tlf: 22 40 40 40/90 59 87 30.

Med vennlig hilsen
Trygg Trafikk


Jan Johansen
direktør

Trygg Trafikks styremedlemmer og funksjonstid

Leder

Geir A. Mo, Norges Lastebileier-Forbund
(2014-2016) til landsmøtet 2016

Nestleder

Børre Skiaker, Motororganisasjonene
(2013-2015) til landsmøtet 2015

Medlemmer

Benthe Bondhus, Hordaland FTR
(2011-2015) til landsmøtet 2015

Audun Buset, Politiets fellesforbund
(2013-2015) til landsmøtet 2015

Emme Elisabeth Vennesland, Forsikringsnæringen
(2014-2016) til landsmøtet 2016

Camilla Melgård, Oppland FTU
(2014-2016) til landsmøtet 2016

Elisabeth Natvig, Oslo, de ansattes valgte representant til landsmøtet 2015

Varamedlemmer

1. Eva H. Ottesen, Troms fylke
(2013-2015) til landsmøtet 2015

2. Frode Revhaug, Nord-Trøndelag FTU
(2014-2016) til landsmøtet 2016

3. Ann Kristin Thomte, Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund
(2014-2016) til landsmøtet 2016

Ivar Ringen, Lillehammer, de ansattes valgte vararepresentant til landsmøtet 2015

PS 9/15 Ymse